

Statens vegvesen
 Postboks 1010 Nordre Ål
 2605 Lillehammer

15.02.2022

firmapost@vegvesen.no

Merk: Sak 20/ 20416

Merknader – detaljregulering E39 Ørskogfjellet – Vik

Statens vegvesen har lagt ut framlegg til detaljreguleringsplan for ny E39 Ørskogfjellet – Vik, som er ein del av E39 Ålesund-Molde, til offentlig ettersyn og høyring. Formålet med reguleringsplanen er å skaffa eit formelt grunnlag for bygging av ny E39 på strekninga. Planframlegget viser ny E39 over ei strekning på 8370 meter, der 2570 meter er veg i dagen og 5800 meter er tunnel frå Skorgedalen til Vik, Tomrefjord. Plan er utarbeida i samarbeid med Vestnes kommune.

Det valde alternativet omfattar noko dyrka mark, men sannsynlegvis meir dyrkbar mark. Berekna tap av matjord er relativt lite.

Valg av alternativ B som grunnlag for reguleringsplan vart fastsett av Vestnes kommune gjennom vedtak av planprogrammet den 20.04.21.

Vi viser også til vår uttale til planprogram av 15.2.2021.

Våre kommentarar

Vi meiner at ut frå dei alternativ som har vore vurdert er dette det beste.

Supplering til framlegg til reguleringsbestemmelser:

§3.6:

- a) Matjorda må takast vare på slik at den i ettertid kan brukast til matproduksjon.
- b) Matjord må handterast slik at jordstruktur forblir inntakt og at jordmassar med ulik struktur og kvalitet ikkje blir blanda. Dette må gjelda t.d. under transport og på ein slik måte at jorda ikkje blir utsett for blanding med vatn/nedbør.
- c) Matjord som blir tilbakeført til same eigedom etter arrondeling skal bruksat til matproduksjon.
- d) Matjord som ikkje kan tilbakeførast til same eigedom må brukast som matjord andre stader.
- e) Matjord skal ikkje brukast til fyllingar, beplantning, grøntareal, m.v., jfr § 4.5.

Det må gjerdast langs veg der det kan gå husdyr på beite, jfr reguleringsformål og § 3.6.

Med helsing

JORDVERN MØRE OG ROMSDAL

Kolbjørn Gaustad

Atle Frantzen